

## Oddhild Fausa

---

Fra: Kirsti Engeset <kirsti.engeset@norpost.net>  
Sendt: 22. august 2015 22:18  
Til: Oddhild Fausa  
Emne: Merknad områdeplan Svemorka

### Merknader til planarbeidet vedk. områdeplan ved Svemorka

Som eigar av gnr. 43, bnr.1, vil eg kome med nokre merknader. I følgje kartet ser eg at området omfattar øg dyrkamarka på eigedomen min. Dette er den einaste flata vi har på garden, og den mest lettdrivne jorda. Eg minner om at garden er i full drift, og at evt. tap av dette arealet vil få store konsekvensar for produksjonen på garden. Slik eg har forstått det, er det meininga å legge til rette for ein framtidig tunnel mellom Engeset og Hole. Derfor vert området så stort og strekker seg over til Engeset. Sidan det enno ikkje er bestemt kvar eit evt. tunnellinnsLAG skal vere, og dette mest sannsynleg vil ta mange år før er avklara, meiner eg at det ikkje er nokon grunn til å ta dyrkamarka med i planen no. Dyrka mark må vernast og skal framleis ligge som LNF område. Det er vel og bra å leggje til rette for næringsutvikling, men ein må jammen øg ta vare på den næringa som er i ei kommune. Særleg ei næring som er avgjerande for at anna næringsmiddelindustri skal kunne eksistere. Eg oppmodar om, og forventar at det i planlegginga vert teke omsyn til at alle gardane på Engeset er i full drift, og at produktivt areal vert skåna.

Kirsti Engeset